



Deltakarane i synfaringa på vegen under muren

Under synfaringa av den omstridde muren i Ospelunden stilte Olav Tvilde på vegne av 11 oppsittarar nedanfor vegen krav om riving fordi den er farleg. Han opplyste at det dagleg dett ned steinar og at folk kan prisa seg lukkelege for at det ikkje har skjedd ei ulukke.. Tvilde peika på ein spesiell stein som han var redd for ville gli ut. Hvis det skjer, vil heile byggverket følgja etter. meinte han.



Slik er utsikten frå muren mot fylkesvegen og området nedanfor

Tvilde meinte og at berget under muren ikkje er sprengt ut og at steinen på grunn av det ikkje ligg stabilt. Naboane hevdar at muren i følge reglane skulle ha lege 7 meter lenger bak.

Tvilde hevda at korkje søkjar eller entreprenør har naudsynt godkjenning for å byggja ein mur som denne.

Entreprenør Gunnar Røssland opplyste at det var skote ut ei hylle som steinen ligg på, men Twilde hadde ikkje registrert nokon skyting.

Tekst, foto og NETT: Ola Matti Mathisen